

Berekraftsstrategi 2025 - 2026

Berekraftsgruppa

Vedtatt i styret, 22. januar 2025

Revidert oktober 2025



Introduksjon og hovudmål

Berekraft står sentralt i banken sitt arbeid med å skape verdi for kundar, lokalsamfunn og regionen Sogn og Fjordane.

Strategiperioden 2025-2026 byggjer vidare på berekraftsstrategien 2022-2024, og set retninga for eit endå meir målretta arbeid.

SpareBank 1 Sogn og Fjordane skal vere ei drivkraft for grøn omstilling og ei berekraftig utvikling av regionen vår, med eit fokus på konkurransekraft og langsiktig verdiskaping.

Mål 1:

Drivkraft for grøn omstilling og langsiktig konkurransekraft

Banken skal støtte kundar og lokalsamfunn i overgangen til berekraftige løysingar, og bidra til regional og nasjonal verdiskaping.

Mål 2:

Netto null innan 2050 og 55 prosent utsleppsreduksjon innan 2030.

Vi har som mål å oppnå netto null utslepp av klimagassar i tråd med internasjonale forpliktingar. Vi skal redusere våre utslepp, både egne og gjennom utlånsaktiviteten.

Utsleppsreduksjon

Banken skal redusere egne utslepp og arbeide systematisk for å redusere utsleppa knytt til våre utlån. Dette inneber at vi set strengare krav til oss sjølve, kundane våre og våre leverandørar og samarbeidspartnarar.

Kompetanseutvikling

Auka berekraftskompetanse er avgjerande. Banken skal halde fram med å styrke kundar, næringsliv og egne tilsette sin kompetanse om berekraft.

Omstilling av kundar, næringsliv og lokalsamfunn

Vi skal støtte kundane våre og næringslivet i regionen gjennom rådgjeving, finansiering og kunnskap for å sikre ei berekraftig omstilling.

Etterleving og rapportering

Vi skal sikre etterleving av nasjonale og internasjonale krav, med særleg fokus på berekraftsrapportering med omsyn til strukturar i CSRD og ESRS og lovpålagt rapportering på openheitslova.

Hovudprioriteringar 2025-2026

Berekraft i SpareBank 1 Sogn og Fjordane

Produkt og teneste

Banken tilbyr meir miljøvenlege produkt og finansieringsløysingar til våre kundar:

Privatmarknad

Grønt bustadlån

Miljølån

Lån til elbil

Bedriftsmarknad

Grønt bedriftslån

Overgangslån

Grøn objektfinansiering

Fond med fokus på berekraft

Styring og leiing

Berekraftsarbeidet er forankra i ein dedikert berekraftsavdeling. Berekraftsavdelinga, som består av to tilsette, har det daglege ansvaret for å leie og gjennomføre berekraftsarbeidet. Styret i SpareBank 1 Sogn og Fjordane det øvste ansvaret for banken sitt arbeid med berekraft, og delegerer operasjonalt ansvar til konsernleiinga.

Berekraftsgruppa, med representantar frå ulike avdelingar, har møte kvar tredje veke og fungerer som ei rådgjevande gruppe. Saman med berekraftsansvarleg utarbeider dei berekraftsstrategien og sørgjer for oppfølging av denne.

Konsernleiinga får halvårleg rapport på status av berekraftsstrategien og skal sikre at berekraft er ein del av banken sine strategiske mål.

Banken sin hovudstrategi henviser til Berekraftsstrategi 2025-2026, som igjen henviser til banken sin klimaovergangsplan.

Eksternt arbeid

Eksternt er banken aktiv i kompetansenettverk gjennom SpareBank 1-Alliansen og SamSpar, noko som styrkar kunnskapsdeling og samarbeid på tvers av bransjen. Dette legg grunnlaget for ei meir effektiv og målretta berekraftsinnsats.

Straumar for berekraftsarbeidet 2025-2026

Berekraftsarbeidet til banken er delt inn i to hovudstraumar. Begge straumane har som mål å støtte næringsliv og privatpersonar i grønn omstilling, redusere utslepp frå banken sin utlånsaktivitet, og auke kompetansen på berekraft.



**Straum 1:
Bedriftsmarknad**



**Straum 2:
Privatmarknad**

Straum 1: Bedriftsmarknad

Answaret til denne
straumen ligg
til direktør
bedriftsmarknad

NR	TILTAK	KPI	FRIST
1	Rådgjeving og ESG-modell	Berekraft som tema på alle kundemøter. Gjennomføring av ESG-modell på alle kundar over satt engasjementsgrense.	2026
2	Redusere utslepp frå banken sin utlånsaktivitet mot bedriftsmarknaden i tråd med klimaovergangsplan	På eller under utsleppsbane	2026
		50 prosent av utlånssaldo til næringseigedom skal vere energimerka	2026
		Av total utlånssaldo til næringseigedom, skal andel grøn næringseigedom vere på 30 prosent	2025
3	Alle rådgjevarar skal gå i dialog med sin største kunde, målt i engasjementstorleik, for å drøfte moglegheiter og realistiske tiltak knytt til utsleppsreduksjon. Målet er å identifisere og implementere konkrete tiltak som kan redusere utsleppa, og dokumentere desse.	22 kundar (èin kunde for kvar rådgjevar)	2026
4	Frå ord til handling gjennom to bedrifter. Banken skal støtte to kundar som planleggar investeringar mot å redusere utslepp.	2 kundar	2026
5	Utvikling og vidareutvikling av grønne produkt og tenester	300 mill. kr. i grønt bedriftslån	2025
		500 mill. kr. i grønt bedriftslån	2026
6	Kompetanseheving for rådgjevarar og bransjeansvarlege	100% av rådgjevarar gjennomført opplæring på berekraft	2025 2026
		100% av bransjeansvarlege har gjennomført spissa opplæring på berekraft innanfor sin bransje	2025 2026
7	Støtte berekraftsopplæring eksternt og/eller arrangere kundeopplæring med fokus på berekraft	4 arrangement	2026
8	Støtte eller arrangere kundearrangement om styrearbeid og mangfald spesielt retta mot kvinner	1 arrangement	2025

Straum 2: Privatmarknad

Answaret til
denne straumen
ligg til direktør
privatmarknad

NR	TILTAK	KPI	FRIST
1	Kompetanseheving rådgjevarar	Alle rådgjevarar skal ha opplæring på produkt og tenester: grønt bustadlån, miljølån, elbillån, fond med fokus på berekraft	2026
		Alle rådgjevarar skal ha opplæring på energimerking og komande krav til energimerking	2026
		Alle rådgjevarar skal gjennomføre opplæring knytt til økonomisk likestilling gjennom rådgjeving, produkt og tenester	2026
2	Kompetanseheving kundar: Gjere kundane betre rusta til å ta berekraftige økonomiske val	Gjennomføre kundearrangement om energimerking og energitiltak på bustadar	2026
		Forbetre informasjon om energimerking og energieffektivisering på nettsider og mobil-/nettbank	2025
3	Utvikling og vidareutvikling av grøne produkt og tenester	20 prosent andel saldo utlån skal vere til taksonomigrøne bustader	2025
		25 prosent andel saldo utlån skal vere til taksonomigrøne bustader	2026
4	Redusere utslepp frå banken sin utlånsaktivitet mot privatmarknaden i tråd med klimaovergangsplan	På eller under utsleppsbane	2025 2026
		50 prosent av antal bustader i utlånsportefølja skal vere energimerka	2026
		100 mill. kr. utlånt via produktet miljølån	2026
5	Frå ord til handling gjennom ein privatkunde	1 kunde	2026
6	Auke andel kvinner som startar spareavtale	5 prosent auke kvart år	2026

Orden i eige hus

For å sikre at banken driv i samsvar med våre berekraftsmål, har vi sett klare ambisjonar. Dette omfattar eigen drift, eigedomsforvaltning, finansiering, innkjøp og leverandørstyring. Vi forpliktar oss til tiltak som bidreg til ei meir berekraftig, ansvarleg og effektiv drift.

Eiga drift

Banken skal vere fossilfri i 2026. Vi skal utvikle og sette i verk ei retningslinje for tenestereise som prioriterer berekraftige alternativ.

Reduksjon av utslepp frå eiga drift er ellers beskriven i banken sin [klimaovergangsplan](#)

Eigedomsdrift

Hovudkontoret i Førde skal sertifiserast i tråd med BREEAM In-Use, som dokumenterer miljøprestasjon og energieffektivitet.

Vi skal halde fram med å Miljøfyrtårn-sertifisere alle eigedomar banken eig.

Innkjøp og leverandørstyring

Banken skal vere ein ansvarleg innkjøpar, og prioritere bruk av lokale leverandørar så langt det let seg gjere.

Det skal vere gjennomført aktsemdsvurderingar av alle leverandørar og forretningsforbindelsar, i samsvar med Openheitlova.

Etterleving og rapportering

For å sikre tillit og ansvarlegheit, forpliktar banken seg til å følgje opp det vi seier og det vi gjer, og å rapportere i tråd med krav og forventningar frå kundar, samarbeidspartnarar og styresmakter. Etterleving handlar om å vise integritet i praksis og sikre samsvar med regelverk og standardar.

Rapportering og regelverk

Banken skal rapportere i tråd med rekneskapslova, som stiller krav til transparent og truverdig berekraftsrapportering.

Vi skal etterleve krava i Openheitslova ved å gjennomføre aktsemdsvurderingar av våre leverandørar og forretningsforbindelsar.

Økonomisk kriminalitet

Banken har nulltoleranse for økonomisk kriminalitet og har tiltak som sikrar at banken opererer innanfor lovverket. Dette inkluderer anti-korrupsjon, kvitvasking og andre relevante område for å sikre etisk og ansvarleg praksis.

Initiativ og samarbeid

Banken deltek i, er medlem av og støtter ei rekkje initiativ som fremjar utsleppsreduksjon, ansvarlegheit og berekraft:



KLIMAPARTNERE VESTLAND Klimapartnere Vestland

Klimapartnere Vestland skal skape ein arena for offentleg og privat nettverksbygging og vere ein plattform for utøving av samfunnsansvar i regionen. Som den største banken i Sogn og Fjordane har vi eit ansvar for å drive fram det grønne skiftet lokalt.



Miljøfyrtårn Miljøfyrtårn

Som sertifisert miljøfyrtårn skal vi stille krav til leverandørar og samarbeidspartnarar om å ha eit bevisst forhold til berekraft. Vi ønsker å sikre kontinuerleg redusert miljøbelastning frå eiga verksemd. For å kunne følgje opp dette, har vi årleg rapportering av klimarekneskap



Kvinner i Finans Charter

Kvinner i finans Charter skal bidra til å auke tal kvinner i leiande posisjonar i finansnæringa i Norge. Likestilling og mangfald er ein viktig del av utviklinga mot eit meir berekraftig samfunn.



PCAF Partnership for Carbon Accounting Financials

Berekraftsstrategi 2025 - 2026

